

Fra: sieknes@broadpark.no
Sendt: tirsdag 20. april 2021 22:46
Til: Postmottak Alver
Emne: SV: Referanse 21/791 - 21/24894

Hei

Dykkar referanse: 21/791 - 21/24894

Viser til svar, datert 14.04.2021

Har prøvd å kontakte deg på telefon i dag, uten resultat, så skriv difor e-post.

Vi var nok ikkje presis nok i spørsmålet vårt. Det er ikkje aktuelt for oss å byggje på utan å først flaumsikre.

Vårt spørsmål er tvert i mot om det er mogeleg å byggje på - etter at elva er sikra.

Ut i frå det vi les i Tek 17 §7-2, forstår vi at ei godkjend og fullført flaumsikring ikkje vil hindre tilbygg på hus i etterkant.

Vi har uavhengig av sjølve flaumsikringa lese noko om bandlegging av området.

Er dette noko som gjer at eit påbygg uansett ikkje kan godkjennast i nær tidshorisont?

Kan bandlegginga også hindre flaumsikringa?

Det er med dette perspektivet i bakhovudet at vi må vurdere om me skal ta tak i prosjektet med elva.

Dersom det ikkje er utsikter til at vi kan byggje på i etterkant av flaumsikringa i løpet av ein kort tidshorisont, må vi vurdere å flytte.

Då får det bli neste eigar som eventuelt sikrar elva om dei vurderer det som naudsynt.

Er det mogeleg å få svar på tidshorisonten for den aktuelle bandlegginga?

Mvh.

Janne Kari G. og Sven Ivar Eknes

Fra: sieknes@broadpark.no <sieknes@broadpark.no>
Sendt: mandag 22. mars 2021 20:39
Til: 'post@alver.kommune.no' <post@alver.kommune.no>
Emne: Referanse 21/791 - 21/9876

Hei

Dykkar referanse: 21/791 - 21/9876

Vi tok kontakt for ei stund sidan om flaumsikring av tomten vår på Isdal 55, 5916 ISDALSTØ.

Flaumsikring bør etter vår meining avklarast dersom vi skal byggje på huset.

Vi treng påbygg for å få eit funksjonelt hus for vår familie på 4.

Vi forstår at vi ikkje har nok konkret informasjon til at det på noverande tidspunkt er hensiktsmessig med ein forhåndskonferanse.

Ønskjer difor heller eit møte for å få klarlagt gjeldande planer, lover og tidshorisont for desse som gjeld tomten vår, for om mogeleg å få eit uforpliktande signal på om det i det heile tatt er realistisk å forvente ei godkjenning av påbygg innafor ein tidshorisont på for eksempel to år, uavhengig av flaumsikring.

Årsak til at vi stiller spørsmål er at vi sjølvsagt ikkje kan binde oss økonomisk til det som kan sjå ut til å verte ei omfattande flaumsikring, dersom tomt og bustad likevel ikkje kan oppgraderast i nær framtid.

Mvh.

Janne Kari G. og Sven Ivar Eknes